

# KYRKJEBLAD



for  
INDRE NORDMØRE

B



FULLDISTRIBUSJON

RETURADRESSE:

Vullum Design as  
Pb. 122,6659 Rindal

Desember 2009

«Herrens herlegdom skal syna seg, og alle menneske skal sjå det.» Jes 40,5

Nr. 6 - 69. årgang

## Til eit lite barn.

(Julesong)

*Til eit lite barn vil eg gå  
med min song,  
la mitt hjarte bli krubbe og rom,  
utan gull eller myrra –  
som kongar han gav,  
men med takk til Gud som kom.*

*Kor:*

*Syng Halleluja for han!  
Syng Halleluja!  
Dette barnet er konge  
og frelsarmann.  
Syng Halleluja for han!*

*Til eit lite barn vil eg gå  
med mi bøn,  
med mi uro for verda ikring.  
Eg vil gå med det mørke  
eg ber i mitt sinn,  
gå til han med alle ting.*

*Til eit lite barn vil eg gå  
med mi synd,  
be han ta den til krossen med seg.  
Så vil stjerna som skin  
over Betlehems stall  
bli eit ævelys for meg.*

*For ein konge stor skal vår  
jubel ein gong  
tone ut over himmelens rom.  
Da skal alle vi born med hans  
englar i kor  
syngje takk til Gud som kom.*

**Tekst og melodi:  
Bernt Bøe**



## Lysset skin i mørkret

Lysset som skin i mørkret blir i juletida brote i mange farger og nyansar som stråler til oss gjennom dei mange adventsdagar og juledagar som har kvar sine namn og serpreg.

Etter Juledagen, Kristi fødselsfest, kjem Stefanusdagen 2. juledag til minne om den første martyr. Deretter følgjer Johannesdagen 27. desember til minne om apostelen og evangelisten Johannes, og så Dei uskuldige bornas dag 28. desember. Søndag etter jul minnest vi gamle Simeon med Jesusbarnet i tempelet. Nyttårsdagen, julas oktav, åttande

dag, er Jesu namnedag. 6. januar, som heilt til 1770 var heilagdag også her hos oss, er Heilagtrekongars dag, den som seinare vart flytta til næraste søndag og kalla Kristi openberringsdag.

Gjennom alle desse dagar kan vi møte noko av lysset frå juleevangeliet som stråler inn i vårt mørke.

Med håp om at dette lysset også må skina for oss når julefesten er forbi, ønskjer vi våre lesarar

*velsigna julehøgtid!*



# ØRE

Øre - Gjemnes

Kyrjekontoret 71 29 39 00  
 Telefaks 71 29 38 28  
 E-post sokneprest: petter.dahle@  
 gjemnes.kommune.no  
 Biletet: Øre kyrkje

## Konfirmanthelg

I år hadde vi konfirmanthelg for Gjemnes og Øre, saman med Tingvoll og Straumsnes. Små konfirmanthelg gjorde at vi alle fekk plass på Phillipshaugen i Øksendal. Stemninga var god heile tida – til og med under kjøkkentenesta?! Programmet på leiren veksla mellom leirkveldar med mykje leik og moro, undervisning, gruppearbeid, fritid, samhandlingsløype og kvilepuls-gudsteneste laurdag kveld.

Takk til konfirmanthelg for godt samarbeid og svært positiv innstilling! Og så var vi mange medarbeidarar som delte på leiaroppgåvene – mange gode leiarar - alt frå fjorårskonfirmanthelg til dei erfarne unge leiarane og dei skikkeleg vaksne prestane.

Dei fleste leiarane på leiren kom frå Øre kyrkjelyd. Ikkje dårleg!

*Tekst og fotos: PD*



### God jul!

Frå dei tilsette i kyrkja ønskjer vi alle i Gjemnes og Øre kyrkjelydar ei god og signa julehelg. Nokon av dykk har hatt tunge tak og sorg dette året. Vi ønskjer at alle får kjenne noko av adventstida si forventning til framtida og jula sin bodskap om håp, fred og frelse. God og velsigna julehelg til alle!



### Skulebesøk i kyrkja

Torvik skule har hatt kyrkjedag. Dei kom i to grupper og lærte om kyrkja, gudsteneste og liturgiske fargar, orgel og tårn, dåp, bryllaup og gravferd. Det vart ein interessant dag for oss alle.

*PD*

Borna studerer døypfonten.  
 Foto: Siv Grøteide.



# TINGVOLL

Tingvoll - Straumsnes

Menighetskontoret 71 53 03 03  
 Telefaks 71 53 12 40  
 E-post: post@kirken.tingvoll.no  
 Biletet: Straumsnes kyrkje

## Konsertar i juletida

Alle kor og korps i Tingvoll har sine tradisjonelle førejulskonsertar 20. desember, i Straumsnes kyrkje kl 16.00 og i Tingvoll kyrkje kl. 20.00.

Tingvoll er av dei få kyrkjene i landet som fortsatt har Julekonsert. Dei har ein 30 års tradisjon for å ha ein kyrkjekonsert i mellomjula, der kyrkjekoret alltid har deltatt. I år er konserten 28. desember der koret med flott instrumentarium framfører Julekantate av Arne Dagsvik.

Kyrkjekoret er sjølvsagt også med på høgtidsgudstenesta 1. Juledag, og jenter frå tidlegare barne- og ungdomskor blir med på gudstenestene julekvelden i baa kyrkjer.



## Menighetsutvikling i folkekyrkja

Helga 20.-22. november var 12 personar frå styringsgruppene for prosjektet «Menighetsutvikling i folkekyrkja» frå Øksendal og Nesset sokn samla til kurs i Nesset prestegard. Prosjektet starta i juni etter førebuande arbeid på Menighetsfakultetet ved professor Harald Hegstad, forskar Erling Birkedal og stipendiat Turid Skorpe Lannem.

Det er 10 menigheter frå Møre og Tønshøg bispedømer med. Styringsgruppene består av prest, representantar frå tilsette og sokneråda og kyrkjemedlemar utanom desse.

Dette var første samling der dei jobba med innhaldet, spørjeundersøkingar og intervjuarbeid. Det skal no fortsetja med

lokale møter og ei liknande samling ut på våren, med ei fellessamling i oktober i Molde for heile Møre bispedøme.

Målsetjinga er å få større erkjenning mellom dei som arbeider i ein menighet kvifor menigheten er som den er, og korleis den kan vera kyrkje. Det er eit målretta arbeid for å setja menigheten i stand til vera det den er kalla til å vera og til å gjera det den er kalla til å gjera ut frå trua på at Gud vil noko med menigheten i kyrkja.

Spørjeundersøkingane er eit forskningsprosjekt som vil bli gjennomarbeidd av ei lesegruppe på Menighetsfakultetet, som vil rapportera vidare til menigheten.

ERE

## Norsk bønreliv

Ei ny undersøking viser at 11,6 % av oss bed dagleg.

Kor ofte vi bed, er avhengig av korleis vi har det. Forskning har vist at når noko spesielt skjer, så bed folk eller tek i bruk andre religiøse ritual.

Religionspsykolog og teologiprofessor Lars Johan Danbolt meiner at vi her til lands har ei blanding av eit veldig kollektivt religiøst liv, samtidig med eit veldig privatisert religiøst liv. Nordmenn er sjenerte når det gjeld bøn.

Norsk bønreliv. (Spørsmål: Kor ofte bed du utanom religiøse møter? Antal resp: 1.538) :

- 11,6 % bed dagleg
- 4,4 % bed meir enn ein gong i veka
- 3,3 % bed ein gong i veka
- 4,2 % bed minst ein gong i månaden
- 1,6 % bed berre på spesielle helgedagar
- 21,8 % bed enda sjeldnare
- 53,3 % bed aldri

VL

«Vi makter ikke den oppgaven vi har fått som landsdekkende kirke hvis vi ikke får de midler som er nødvendig. Kirkens ansatte slites ut på grunn av sviktende økonomi.»

Kyrkjerådsleiar Nils-Tore Andersen





# SUNNDAL

Hov - Romfo - Øksendal - Ålvundeid

Menighetskontoret 71 69 26 11  
 Telefaks 71 69 25 44  
 E-post: [ekspedisjon@sunndal-kirke.no](mailto:ekspedisjon@sunndal-kirke.no)  
 Bildet: Middelaldarkrusifiks, Romfo kyrkje

## Misjonsmiddag for landsbyutvikling

Det Norske Misjonsselskap hadde en idé om å arrangere en misjonsmiddag til inntekt for et misjonsprosjekt. Hvordan middagen skulle arrangeres, var opp til hver enkelt komité. Her på Indre Nordmøre var det mange idèer både på hva som kan serveres og hvem som kan inviteres. Dette skulle fortrinnsvis arrangeres i november.

Midt inne i en travel førjulstid med mange julemesser som skal arrangeres, var det ikke så mange som hadde mulighet til å arrangere denne spennende middagen i november, men ivrige NMSere i Sunndal kastet seg frampå og lagde til et slikt selskap onsdag 11. november. Stedet var Grøa

Bedehus, og mellom 40 og 50 utplukkede, deriblant menighetsrådet i Hov menighet, hadde fått invitasjon til middagen. Det var rundt 30 som takket ja, i tillegg til vokalgruppen WOK som kom for å underholde med sang.

Kretssekretær Karen Flatø fra NMS kom og fortalte om landsbyutviklingsprosjektet som menighetene i Sunndal er med å samle inn penger til.

For kuvertprisen på kr. 300,- fikk alle gjestene en treretters middag: skinke og melon til forrett, gassisk festgryte til middag og banansplitt til dessert. Etter at utgiftene var trekt fra, var overskuddet etter kvelden

på kr. 7200,- ! Dette var såpass vellykket at det kan absolutt gjøres igjen, og vi anbefaler mange flere å bruke denne litt utradisjonelle måten å samle inn penger til misjonen på!

*Ingunn Karijord*



Folk spiste og hygget seg på misjonsmiddagen på Grøa bedehus.



### Barnekor

Barnekoret i Hov kirke starta øvingene i høst, og har blitt skikkelig flinke å synge.

Fotograf: Ingunn Karijord



Samling ved gapahuken.

Foto: RF

### Utdeling av 4-årsbok i Ålvundeid

18. oktober var det utdeling av 4-årsbok i Ålvundeid. Samme søndag var det også høsttakkefest. Stemningen var til å ta og føle på, publikum var ikke til å styre. Det var boka; *Linda og den vesle kyrkja* av Jan-Fredrik Laskerud som ble delt ut (av forfatteren selv). Med fulgte også et lite lottospill.

”Kirkens juniorlag” var villig vekk med under preika og hjalp presten Laskerud.

Det var god oppslutning om utdelinga. Noen bøker ble også sendt til Qatar, der noen av sognebarna for tiden bor.

FL



Fra venstre Nora Skar, Kaisa Nærum Steine, Emma Halset Fredsvold, Isak Selfors Henriksen, Tale Annes, Eivind Breien Børset, Guro Watten, Magnus Strøm.

### Familiefellesskap i Sunndal

Ein laurdag kvar måned inviterer Rita Flatvad og Hilde Hamstad til familietreff på Grøa bedehus.

Rita, som sjølv har tre born følte det var behov for eit uformell tilbod med kristen forkynning for familiar i Sunndalen, ein treffstad som inkluderer born og vaksne. Frammøtet har variert frå 10 til 50, med eit gjennomsnitt på 25. Og det er fortsatt plass til fleire, seier Rita, som også driv søndagsskule. På kvar familiesamling er det ein barnevenleg andakt, song, hyggestund med mat og sosialt fellesskap, aktivitetar der ein leiker, byggjer, lagar ting eller går ut på tur. Det er også innlagt ein juleverkstad sammen med søndagsskulen. Målgruppa er barnefamiliar og den er tilknyta Normisjon, som gir litt hjelp.

ERE



## Kommentaren

# Helsing frå Austrheim

No er det omlag eit halvt år sidan vi reiste frå Rindal og flytta til Austrheim i Nordhordland. Vi har blitt godt mottekne og har funne oss vel til rette i arbeidet og i prestebustaden.

Magne er sokneprest i Austrheim og Fedje og har også nokre tenester i Lindås. Prestetenesta er den same som i Rindal, men det er nye folk å samarbeide med og nye måtar å gjere ting på. Det tek tid og krefter å bli kjend med alt det nye.

Eg, Synnøve, held meg òg til arbeid i kyrkja. Eg har ei lita stilling som kyrkjetenar i Austrheim kyrkje og har nokre oppdrag

for kyrkjeverja i Lindås. Og elles er det misjonsforeining og eit prosjektkor å vere med i.

Landskapet i Austrheim er annleis enn i Rindal. Her har me ikkje noko fjell å feste auga på. Landskapet er ope. Vi kan ikkje sjå havet frå huset vårt, men det er berre 600 meter til næraste kai. Og vi har stadig ferjeturar ut til Fedje – kommunen som kallar seg "Landsbyen i havet". Så langt har det vore fint ver på turane dit, men vi er spente på korleis det vert når vinterstormane set inn.

Tankane går tilbake til Rindal og Nordmøre innimellom. Vi hadde gode år der og

har mange fine minne å ta med oss vidare.

No planlegg vi lysmesse, konsertar og julegudstenester. Vi ser fram til julefeiring i heim og kyrkje. Enno ein gong skal vi få gle oss over at Gud vart menneske og vil bu hos oss.

Velsigna jul til alle!

*Helsing frå Magne og Synnøve Bjørndal*

Sjå bilde s. 10.

## Kyrkjennytt

### Lite kristenengasjement mellom innvandrarak

I 2005 gav Det norske bibelselskap ut eit nytestamente både på urdu og norsk. Det er berre seld i vel 300 eksemplarak. Stein Mydske, generalsekretær i Bibelselskapet meiner det viser lite engasjement frå kyrkjelydane mellom innvandrarak i nabolaget. «Jeg tror det sier litt om at mange menigheter har lite kontakt med våre nye landsmenn, og intet program for å nå dem.»

Tidlegare generalsekretær i Bibelselskapet, Gunnleik Seierstad, var mannen som sette i gang arbeidet med bibelomsetjing. Han seier om misjon mellom muslimar: «Jeg tror det ville skapt store bølger i mange menighetsråd hvis noen ville gå aktivt inn for å nå muslimer i soknet. Noen vil betrakte det som fanatisk og aggressiv misjonsvirksomhet, men alle kristne har et kall til å dele evangeliet, men det må gjøres med respekt.»

Leiar i Kyrkjerådet, Nils Tore Andersen meiner det skuldast mangel på informasjon og at Den norske kyrkja alt har eit stort engasjement for muslimmisjon.

Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) vedtok nyleg ein strategi som la vekt på å nå muslimar både i Norge og utlandet. Men dei prioriterar innvandrarak som kjem frå land der dei har misjonsverksemd.

### Kristent barne-TV

NRK har gjort avtale med Søndagsskolen og TV-Inter om å lage 10 barne-TVprogram. Programserien får navnet Tårnagentene. Opptakene vil starte rett over nyttår og programmene vil vere en del av NRKs juleprogram i 2010. Manus er ved Einar Matre i TV-Inter og Odd Ketil Sæbø, Søndagsskolen.

«Søndagsskolen har i flere år hatt som mål å lage barne-TV for å gi barna verdier for livet. Vi er utrolig takknemlig for at NRK har valgt å satse på Tårnagentene, gjennom

et samarbeid med Søndagsskolen og TV-Inter,» sier prosjektleder Ann Helen Frivold i Søndagsskolen.

### Distribuering av menighetsblad

«Menighetsblad for Den norske kirke regnes som informasjon. Derfor kan menighetsbladene fulldistribueres,» sier informasjonssjef Pål Jakobsen i Posten Norge. «- hvis forsendelsen prøver å formidle en eller annen form for budskap, uten å forsøke å selge noe for penger, er det informasjon, og da kan det fulldistribueres.»

Det betyr at du ikkje kan reservera deg mot å få Kyrkjebladet i posten, og det betyr også at du kan reservera deg mot reklame utan å mista Kyrkjebladet!

### Ny kyrkjeminister

Fornyings- og administrasjonsminister Rigmor Aasrud (Ap) overtar ansvaret for kyrkjeavdelinga i den nye regjeringa, ei overflytting frå Kulturdepartementet fordi den nye kulturministeren ikkje er medlem av Den norske kyrkja. Ein av dei viktigaste oppgåvene den nye kyrkjeministeren får, er å avvikle statskyrkja.

### Kyrkjekomiteen

Stortingets kyrkje-, utdannings- og forskningskomite skal gjennomføra den store statskyrkjereformen. Rekordmange av representantane (5 av 16), m.a. komiteleiar Marianne Aasen, er ikkje medlemar av Den norske kyrkja.

### Prestedekning

I Den norske kyrkja har kvar prest i gjennomsnitt ansvar for å fylgja opp 3.829 innbyggjarar, medan det i den svenske kyrkja er 2.658 pr. prest, i den danske kyrkja 2.703 og i den finske 2.723.

Ref: Kyrkjerådsleiar Nils-Tore Andersen

### Økonomisk krise

Etter statsbudsjettet er lagt fram med kyrkjemidlar på 15 mill mindre enn i 2008, må kyrkja redusera med minst 25 prestestillingar. I Møre står heile 5 stillingar i fare. Møres biskop Ingeborg Midttømme har anklaga regjeringa for å driva med nedbygging av folkekyrkja og at mykje av kyrkjemidlane går til trusopplæring og til eit pilegrimsprosjekt som kyrkja ikkje har bede om. Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA) meiner at storparten av trusopplæringa er finansiert gjennom kutt i overføringa til felleråda. Denne omfordelinga har ført til store økonomiske problem for kyrkja.

## Baby-/småbarnsong våren 2010

Vi har hatt eit fint semester med både baby- og småbarnsong denne hausten på kyrkjelydshuset på Skei! Mange babyar, barn og foreldre har delteke! No gler vi oss til diplomfest 2. desember, som avslutning på desse kursa.

Vi ønskjer så gamle og nye velkomne til nye kurs våren 2010. Oppstartdatoar er ikkje fastsett enno, men det kjem omtale i avisa og på web-sidane våre (både Rindal og Surnadal) rett over nyttår. Sjå og nærare omtale der av kursa!

*Med helsing trusopplæringsleiar Bodil Kvam Aasbø og diakon Gry Netland-Ebbesen*

Neste nummer kjem veke 6. Frist for innsending av stoff er 15. januar.

## Gudstenester i Indre Nordmøre prosti



Høyr kor kyrkjeklokka lokkar med ein høg og heilag klang

**3. søndag i advent, 13. desember***Matt 11,11-19*

Halsa kirke kl.16:00	Sanggudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til menighetsarbeidet.
Rindal eldrecenter kl. 11:00	Gudstjeneste. Nattverd. Einy Rendal Elgsæther
Hov kirke kl. 11:00	Boye. Nattverd
Ålvundeid kyrkje. kl. 11:00	Laskerud. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Hov kirke kl ?	Julekonsert. (Se nærmere kunngjøring.)
Todalen kyrkje kl.15:00	Vi syng jula inn. Kollekt til kyrkjemusikkarbeidet
Ranes kyrkje kl.16:00	Vi syng jula inn. Kollekt til kyrkjemusikkarbeidet
Åsskard kyrkje kl.19.30	Vi syng jula inn. til kyrkjemusikkarbeidet
Straumsnes kyrkje kl 16:00	Prost Gerd Anne Aarset. Takkeoffer til Kirkens Nødhjelp

**Torsdag 17. desember**

Mo kyrkje kl. 19:30 Lysmesse / Adventskonsert. L.E. Grutle

**4. søndag i advent, 20. desember***Joh 3,26-30*

Halsa prestegjeld:	Ingen gudstjeneste.
Lomundsjø bedehus kl.11:00	Familiesamling. Lene Gåsvatn. Takkoffer til Menighetsarbeidet
Surnadal sjukeheim kl.11:30	Nattverd-gudstjeneste.
Nordvik forsamlingshus	kl.11:00 Gudstjeneste. Venås. Takkoffer til Den norske kirke i utlandet / Sjømannsmisjonen
Straumsnes kyrkje kl 16:00	Førjuls-konsert. Kor og korps
Tingvoll kyrkje kl. 20.00	Førjuls-konsert. Kor og korps
Øre kyrkje kl. 15.00	Julekonsert

**Julaften, 24. desember***Luk 2,1-14*

Valsøyfjord kirke kl.14:00	Gudstjeneste ved prost Gerd Anne Aarseth. Takkoffer til Redd barna.
Halsa kirke kl.15:30	Gudstjeneste ved prost Gerd Anne Aarseth. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.
Rindal kirke kl. 15:00	Fam.gudstjeneste. Lene Gåsvatn. Blæst' n spiller fra 14.30. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.
Ålvundeid kyrkje kl. 11:00	Liturg: Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Gjøra kapell kl. 15:00	Storset.
Hov kirke kl.15:00	Julaftensgudstjenester. Takkoffer.
Hov kirke kl.16:00	Julaftensgudstjenester. Takkoffer.
Øksendal kyrkje. kl. 16:00	Boye.
Todalen kyrkje kl. 13:30	Julekvelgdgudstjeneste. Venås. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Mo kyrkje kl. 14:00	Julekvelgdgudstjeneste. E.R.Elgsæther. Takkoffer til SOS Barnebyer
Ranes kyrkje kl. 13:00	Julekvelgdgudstjeneste. Blomstrøm. Takkoffer til Jubilate
Ranes kyrkje kl. 15:00	Julekvelgdgudstjeneste. Blomstrøm. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp
Åsskard kyrkje kl. 16:00	Julekvelgdgudstjeneste. Venås. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp
Straumsnes kyrkje kl 14:00	Cathrine Grutle. Takkeoffer til Redd Barna
Tingvoll kyrkje kl 16.00	Cathrine Grutle. Takkeoffer til Kirkens Nødhjelp

Gjemnes kirke kl.14.00

Julaftensgudstjeneste. Dahle. Takkoffer til Kirkens nødhjelp. Julaftensgudstjeneste. Dahle. Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

Osmarka kapell kl.16.00

**Juledag, 25. desember***Joh 1,1-14*

Halsa kirke kl.11:00	Høytidsgudstjeneste med nattverd ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Normisjon.
Rindal kirke kl.11:00	Høytidsgudstjeneste. Lene Gåsvatn. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap
Hov kirke kl. 11:00	Høytidsgudstjeneste. Liturg:
Romfo kyrkje kl. 11:00	Liturg: Takkoffer. .
Ålvundeid kyrkje kl. 11:00	Liturg: Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.
Stangvik kyrkje kl. 11:00	Høgtidsgudstjeneste. Venås. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Øye kyrkje kl. 11:00	Høgtidsgudstjeneste. L. E. Grutle. Takkoffer til Misjonsprosjektet, Beghi
Tingvoll kyrkje kl 11:00	Gerd Anne Aarset. Tingvoll kyrkjekor deltek
Øre kyrkje kl.11.00.	Høgtidsgudstjeneste. Dahle. Flemma songlag. Blåsegruppe. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.

**2. juledag (Stefanusdagen), 26. desember***Apg 7,52-60*

Øvre Rindal kapell kl.13:00	Høytidsgudstjeneste. Lene Gåsvatn. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap
Mo kyrkje kl. 11:00	Høgtidsgudstjeneste. L.Gåsvatn. Takkoffer til kyrkjemusikalsk arbeid
Straumsnes kyrkje kl 11:00	Gerd Anne Aarset. Takkeoffer til Kyrkjelydsarbeidet i Straumsnes . Straumsnes songlag deltek.
Gjemnes kirke kl.11.00.	Høytidsgudstjeneste. Dahle. Gjemneskoret. Takkoffer til Det norske misjonsselskap. Kirkecaffi.

**Søndag etter jul, 27. desember***Joh 1,16-18*

Hov kirke kl. 11:00 (Sjå nærare kunngjering)

**Mandag 28. desember**

Tingvoll kyrkje kl. 20.00 Julekonsert. Tingvoll kyrkjekor m. Solistar

**Onsdag 30. desember**

Straumsnes menighetshus kl. 17:00 Julefest. Straumsnes barnespel deltek

**Nyttårsaftnen, 31. desember 2009***Joh 14,27*

Valsøyfjord kirke kl.16:00	Gudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til menighetsarbeidet.
Rindal kirke kl. 16:00	Nyttårsmeditasjon. Lene Gåsvatn.
Ålvundeid kyrkje kl. 11:00	Gudstjeneste.
Todalen kyrkje kl. 16:00	Gudstjeneste. Venås. Takkoffer til Todalen Sanitetsforening
Straumsnes kyrkje kl 16:00	Gerd Anne Aarset
Tingvoll kyrkje kl.18.00	Gerd Anne Aarset. Dåp
Øre kyrkje kl.22.00.	Gudstjeneste ved årsskiftet. Dahle.

**Nyttårsdag (Jesu navnedag), 1. januar 2010:***Matt 1,20b-21*

Ranes kyrkje kl.11:00	Gudstjeneste L.E.Grutle. Takkoffer til Kirkens SOS
<b>Kristi åpenbaringsdag, 3. januar</b>	
<i>Luk 2,41-52</i>	
Halsa prestegjeld:	Ingen gudstjeneste.
Rindal bedehus kl. 14:00	Juletreffest. Andakt. Normisjon + Barneforening
Grøa bedehus kl.11:00	Storset
Stangvik prestegard kl.11:00	Gudstjeneste. Venås.
Kyrkjelydshuset, Skei kl.11:00	Gudstjenestleg møte. Normisjonen.
Øre kyrkje kl.11.00	Høgmesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Familie og medier.

**Fredag 8. januar**

Lomundsjø bedehus kl.19.00 Juletreffest

**1. s. e. Kr. åp.dag, 10. januar***Joh 1,29-34*

Halsa kirke kl.11:00	Gudstjeneste med stasjonsvandring ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer.
Valsøyfjord kirke kl.14:00	Gudstjeneste med stasjonsvandring ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer.

Øvre Rindal kapell kl.11:00 Høymesse. Nattverd. Lene Gåsvatn.  
Takkoffer til Israelmisjon.  
Hov kirke kl.11:00 Gudsteneste  
Åsskard kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Venås.  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Kyrkjelyds huset, Skei kl.11:00 Gudstenestleg møte. Misjonssambandet.  
Tingvoll kyrkje kl 11:00 Høymesse Gerd Anne Aarset  
Flemma kl.11.00 Gudsteneste. Dahle. Takkoffer til Nordmøre  
søndagsskulekrets.

**2. s. e. Kr. åp.dag, 17. januar***Joh 4,5-26*

Halsa prestegjeld: Ingen gudstjeneste.  
Rindal kirke kl.11:00 Høymesse. Nattverd. Lene Gåsvatn.  
Takkoffer til Menighetsarbeidet.  
Gjøra kapell kl.11:00 Gudsteneste  
Hov kirke kl.11:00 Gudsteneste  
Øye kyrkje kl.11:00 Høgmesse. Nattverd. L.E. Grutle. Takkoffer  
Straumsnes kyrkje kl 11:00 Familiegudstjeneste ved Cathrine Grutle  
Tingvoll kyrkje kl.16.00 Familiegudstjeneste ved Cathrine Grutle  
Øre kyrkje kl.11.00. Høgmesse. Nattverd. Gerd Anne Aarset.  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**Vingårdssøndagen, 24. januar***Luk 17,7-10 5*

Valsøyfjord kirke kl.11:00 Gudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer.  
Hov kirke kl.11:00 Gudsteneste  
Ålvundeid kyrkje kl.11:00 Gudsteneste  
Mo kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. L.E. Grutle. Takkoffer  
Todalen kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Venås. Takkoffer  
Tingvoll kyrkje kl 11:00 Høymesse. Cathrine Grutle  
Gjemnes kirke kl.11.00. Høymesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer

**Såmannssøndagen, 31. januar***Mark 4,26-32*

Halsa kirke kl.11:00 Familiegudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm.  
Takkoffer.  
Rindal kirke kl.11:00 Høymesse. Nattverd. Lene Gåsvatn. Takkoffer til  
Bibelselskap

Hov kirke kl.11:00 Gudsteneste  
Romfo kyrkje kl.11:00 Gudsteneste  
(Sjå nærare kunngjering)  
Øksendal kyrkje Familiegudsteneste. L.E. Grutle. Utdeling  
Øye kyrkje kl. 11:00 4.årsbøker. Takkoffer.  
Stangvik kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Venås. Takkoffer  
Straumsnes kyrkje kl 11:00 Høymesse. Gerd Anne Aarset  
Osmarka kapell kl.11.00. Gudsteneste. Dahle. Takkoffer til Sjømannskirken

**Kristi forklarelsesdag, 7. februar***Joh 17,1-8*

Halsa prestegjeld: Ingen gudstjeneste.  
Øvre Rindal kapell kl. 11:00 Høymesse. Lene Gåsvatn.  
Takkoffer til Menighetsarbeidet.  
Hov kirke 19:00 Storset. Sanggudstjeneste  
Ålvundeid kyrkje kl.11:00 Gudsteneste  
Åsskard kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Venås.  
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
Tingvoll kyrkje kl 11:00 Høymesse. Cathrine Grutle  
Øre kyrkje kl.11.00. Familiegudsteneste. Dahle. Bibelutdeling til  
5.-klassingane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Kyrkjekaffi.

**Søndag før faste (Fastelavnssøndag), 14. februar***Joh 12,24-33*

Valsøyfjord kirke kl.11:00 Karnevalgudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm.  
Takkoffer.  
Rindal kirke kl.19:30 Tomasmesse. Erik Blomstrøm.  
Gjøra kapell kl.11:00 Gudsteneste  
Hov kirke kl.11:00 Gudsteneste  
Ranes kyrkje kl. 11:00. Høgmesse. Nattverd. L.E. Grutle. Takkoffer.  
Straumsnes kyrkje kl 11:00 Familiegudstjeneste ved Cathrine Grutle  
Tingvoll kyrkje kl 16.00 Familiegudstjeneste ved Cathrine Grutle  
Gjemnes kirke kl.11.00. Familiegudstjeneste. Bibelutdeling til  
5.-klassingane. Takkoffer. Kirkekaffi.

**DØYPTE — VIGDE — DØDE****Døypete**

RINDAL  
18.10. Isak Oalann Romundstad  
18.10. Trond Børset  
18.10. Hedda Børset  
ØVRE RINDAL KAPELL  
25.10. Edvard Flø  
STANGVIK  
04.10. Signe Roaldset Fiske  
04.10. Marius Kvande  
HOV  
04.10. Dennis Furu  
11.10. Solvår Brokstad  
11.10. Einar Røen  
18.10. Emil Kårvand  
08.11. Vebjørn Grønseth Botnvik  
ØYE  
04.10. Knut Oscar Sollid Eide  
08.11. Ine Andersen  
08.11. Arin Andersen  
RANES  
18.10. Eline Saltrø Polden  
18.10. Maja Hyldbakk Kvande  
TINGVOLL  
11.10. Marte Lervåg  
STRAUMSNES  
15.11. Kim Trygge Aasen  
ØRE  
18.10. Jakob August Tangen Dahl

01.11. Ivar Aamodt-Grell,  
døpt i Osmarka kapell  
01.11. Julia Flemmen Skogvoll,  
døpt i Osmarka kapell  
08.11. Tobias Frantzen Nygjerde

**Vigde**

STANGVIK  
03.10. Pisamai Homngern Hals og Ola Hals  
(velsinging borgarleg vigsel)  
MO  
03.10. Siri Skjølvold og John Helge  
Gravvold

**Døde**

HALSA  
29.10. Ildri Klevset f. 1917  
03.11. Margrete Seter f. 1953  
05.11. Harald Gjengstø f. 1921  
17.11. Ingeborg Romfo f. 1920  
19.11. Karl Røe f. 1922  
VALSØYFJORD  
08.10. Leif Magnar Wærdahl f. 1913  
RINDAL  
07.11. Mikal Romundstad f. 1935

22.11. Erling Holte f. 1924  
TODALEN  
06.10. Brit Grønmyr f. 1937  
ÅSSKARD  
02.10. Egil Sæterøy f. 1968  
07.10. Einar Sæterbø f. 1919  
14.10. Marie Tora Aasgård f. 1920  
25.10. Gudrun Sæterbø f. 1919  
HOV  
29.09. Inger Johanne Sund f. 1942  
29.09. Kåre Torske f. 1922  
02.10. Tørris Magnar Hanem f. 1923  
29.09. Ola Elveseth f. 1924  
06.10. Mari Drugli f. 1921  
08.10. Edith Lovise Solbu Rørvik f. 1944  
13.10. Haldis Grimstad f. 1929  
19.10. Anna Tangen f. 1921  
24.10. Rigmor Gjevik f. 1921  
26.10. Gunda Ørsal f. 1921  
31.10. Jostein Årdal f. 1919  
ØKSENDAL  
25.09. Magne Olav Bugge f. 1936  
31.10. Karen Josefa Nordvik f. 1927  
31.10. Erik Husby f. 1920  
ÅLVUNDEID  
25.09. Sivert Strand f. 1934  
09.10. Borghild Ingebjørg Børset f. 1922  
28.10. Turid Brennhaug f. 1941

Forts. s.8

## ANDAKT

## Det enkleste er ofte det vanskeligste...

”Dere har alt for lange møter” uttalte en 11 åring her en dag. ”Hvis jeg skulle hatt et møte ville jeg ha sagt: Velkommen. Husk å holde dere nær til Gud. Amen” Så enkelt... og så vanskelig. Har vi gjort dette med å være kristen og tro på Gud for komplisert? For hva er en kristen? Er du en aktiv kristen? Litt kristen? VELDIG kristen? Personlig kristen? Upersonlig kristen?...

Vi tenker ofte at det handler om å leve rett. En av teologene (skriftlærde) på Jesu tid kom til han for å høre hva som var det viktigste budet. ( du kan lese om det i Markus kap.12 v.28)

” Jesus, jeg ser på alle budene og alt jeg bør gjøre og ikke gjøre... hva er det viktigste?”

”Elsk Herren din Gud, av hele ditt hjerte, av hele din sjel og av all din forstand og av all din kraft. Og det andre er : du skal elske din neste som deg selv.”

”Husk å holde dere nær til Gud”, sa et barn. Bli som barn igjen, sa Jesus ( i Matt.18;3) Ta imot meg som et barn. Ikke gjør det for komplisert. Elsk Herren og elsk din neste som deg selv... Det er mer verdt enn all offer(Mark 12,33), mer verdt enn å sitte på første rad i kirken og se snill ut.

Hva betyr det for livet vårt? Hva vil det si for oss i vår hverdag? For meg betyr det bl. annet at vi bruker tid sammen med Gud. Lytter til Han og hører med Han: Hva vil du si meg? Hva skal jeg si ja til og hva skal jeg si nei til. Hvis utfordringene er mange og tempo er høyt, er den tiden enda mer verdifull. Tiden i stillhet hvor jeg kan hvile som et barn, og høre med Han som vil oss det beste.

Det enkleste er ofte det beste.. Husk å holde dere nær til Gud! Amen

Mette Ellinor Boye

Forts. fra s. 7

## Døde

ØYE	
04.10. Olav Telstad	f. 1940
TINGVOLL	
02.10. Sigurd Idar Rolland	f. 1928
15.10. Grete Johanne Sletbakk	f. 1929
28.10. Jorunn Holmeide	f. 1924
14.11. Niko Balstad	f. 1915
ØRE	
11.10. Erna Kjellrun Vulvik	f. 1926
14.10. Per J. Silset	f. 1923
GJEMNES	
01.10. Edith Sofie Høvik	f. 1926

## Flere menn ønskes i det kristne barnearbeidet!

Det har blitt en ganske stor skjevfordeling i forholdet kvinner/menn blant ledere i det kristne barnearbeidet. I søndagsskolen er det en stor overvekt av kvinner. MEN det er ikke for mange kvinner, men for få menn. Vi utfordrer flere menn til å ta ansvar for arbeidet blant de minste. Mange menn er sikkert engasjert i annet godt arbeid. Likevel tør vi ta opp dette tema, fordi vi ser spesielt guttene forsvinner fortere enn jentene fra gruppene våre. Guttene trenger noen å identifisere seg med. Og menn kan sikkert finne på flere gode gutteaktiviteter som slår an. Nordmøre Søndagsskolekrets ønsker flere menn spesielt velkommen til å ta ansvar!

Hans Orset  
søndagsskolekonsulent  
Nordmøre Søndagsskolekrets

## Kyrkjebladet på nett

Nokre av dykk har sett og lest i Vårt Land om at Kirkenorge.no no er relansert i ein ny og betre utgåve. I samband med dette ønsker dei å legge ut alle menighetsblada på [www.kirkenorge.no](http://www.kirkenorge.no) (<http://www.kirkenorge.no/>) slik at dei som ønsker det kan lese blada uansett kvar i verda dei er. Kyrkjeblad for Indre Nordmøre er alt på plass, truleg som det første! I ei oppfølgingsmelding til det første brevet viser dei til <http://stangvik-kirke.kirkenorge.no/> som eksempel på korleis dei ønskjer å gjere det. Dei har også fått på plass Kyrkjebladet på sidene til dei fleste andre kyrkjene på indre Nordmøre.

Kyrkjeblad for Indre Nordmøre har lenge vore lagt ut på nettsidene til Rindal sokn (<http://www.rindal.kirken.no/>). Der finn du blada frå juni 2007 ved å velje Kyrkjeblad for Indre Nordmøre i menyen til venstre.

OleT

Kirkens Nødhjelp –  
Inspirasjonssamling før  
fasteaksjonen 2010

**Torsdag 28.01.10 kl. 18.00-21.00** inviterer Kirkens Nødhjelp til inspirasjonssamling for Indre Nordmøre på menighetshuset på Tingvoll. Dette er en årlig samling i forkant av fasteaksjonen til inspirasjon og hjelp i forberedelsene rundt aksjonen, og er åpen for ALLE interesserte (sokneråd, KN-kontakter og stab spes. invitert)!!! Denne gangen får vi besøk av Atle Sommerfeldt, vel kjent for sitt internasjonale engasjement gjennom Kirkens Nødhjelp! Vi håper å samle mange som engasjerer seg i klimakampen og rettferdighet for verdens fattige! Velkommen!

Distriktskontakt og diakon  
Gry Netland-Ebbesen

## Bøker:

Torhild Moen – Vilja, mormor og tryllesteinen – Barnebok. Lunde forlag  
Berit Okkenhaug – Når jeg skjuler mitt ansikt. Perspektiv på skam. - Verbum forlag

Sverre Bang og Erling J. Pettersen – Gjennom natten. Trøstebønner – Verbum forlag

Eirik R. Mills og Sindre Eide – Ideer tilprekener for barn til hele kirkeåret – Verbum forlag

Martin Luther – Ved tro alene – 366 andakter i moderne språkdrakt – Lunde forlag

Loren Cunningham – Verdens viktigste bok – Hvordan Bibelen har forandret verden – Luther forlag

Erling Rimehaug – Ansikt til ansikt – Artikler fra samfunns- og kirkeliv – Luther forlag

Kari Vinje – En serie populære barnebøker trykkes på nytt – Luther forlag

«Det siste året har kritiske røyster ytra seg om nynorskbruken i Kyrkjerådet. - I Kyrkjerådet ynskjer vi å følgje 'Lov om målbruk i offentleg teneste'. Vi veit at vi på einskilde område ikkje heilt har oppfylt intensjonen i lova, men vi vil i tida framover prøve å auka fokus på nynorskbruken. Vi veit vi kan forbetre oss.» Trude Evenshaug, nyttilsett kommunikasjonsdirektør i Kyrkjerådet.

## Kyrkjenytt

Berit Hagen Agøy er av Kyrkjerådet tilset som ny generalsekretær i Mellomkyrkjeleg råd etter Olav Fykse Tveit, som har fått stillinga som generalsekretær i Kirkenes Verdensråd.





# HALSA

Halsa - Valsøyfjord

Soknepresten 71 55 96 38  
 Kirkekontoret 71 55 96 39  
 E-post kirkeverge:  
 kirkeverge@halsa.kommune.no  
 Bildet: Halså kirke



## 50-ÅRSKONFIRMANTER I HALSA 2009

Foran fra venstre: Ellbjørg Harriet Sæter Reiten, Åse Hildur Birkelund Austheim, Inger Elise Klevset Rønning, Solveig Geirny Krokli, Astrid Kjellfrid Kvalvik Bævre

Midtrekka fra venstre: Ellbjørg Sandnes Baarset, Gunnhild Klevset Vullum, Birger With Indreiten,

Bak fra venstre: Edvard Liabø, Anders Vaagland, Egil Bergem, Olav Sigleif Johnsen



## KONFIRMANTER I HALSA

Foran: Miriam Henden Kanestrøm

2. rekke: Håkon Foseide, Lars Henrik Brynhildsen Baarset

3. rekke: Trine Tellesbø, Lina Vatten

4. rekke: Soknepresten, Eirik Folland Stolsmo

Foto: EB Video as



## 50-ÅRSKONFIRMANTER I VALSØYFJORD KIRKE 2009

Foran fra venstre: Anna Helga Stokke Tvedt, Gunvor Henden, Solfrid Irene Walsø Aalmo, Jorunn Målfrid Hendseth Røe, Reidun Hallgjerd Stokke Hvitsand

Midtrekka fra venstre: Borgny Tordis Silseth Engås, Solveig Dagmar Schjetne, Elfrid Fjelnseth Eriksen, Perdy Liv Henden Stivold, Helga Johanne Fjærli Holten.

Bak fra venstre: Kjell Ove Glærum, Daniel Asbjørn Lervik, Karstein Botten, Bjarne Stokke, Jon Gunnar Sæter, Egil Botten



## KONFIRMANTER I VALSØYFJORD KIRKE

Første rekke fra venstre: Mary-Anne Lervik, Vegard Leon Fjærli, Runa Tunheim, Kathrine Engdal

Andre rekke fra venstre: Britt Astrid Fjærli, Simen Endre Botten, Torunn Kroknes, Lone Maileen Snøsen

Foto: EB Video as

## Retting

Redaksjonen er lei for at vi i forrige nummer kom i skade for å kalla Valsøyfjord kirke «Otnes kirke» i ei bildetekst.



# SURNADAL

Øye - Mo - Ranese

Kyrkjekontoret 71 65 70 60  
 Telefaks 71 65 70 61  
 Sokneprest Stangvik 71 66 33 30  
 E-post kyrkjeverje: ingeborg.nordlund  
 @surnadal.kommune.no  
 Biletet: Ranese kyrkje - Stangvik kyrkje



## Levande gudsteneste

Dei fleste av oss ønskjer levande gudstenester der mange – store og små – tek kyrkja si, songane våre, seg sjølv og Guds ord i bruk. Mykje av dette opplevde vi under familiegudstenesta i Åsskard 15. november.

Den nye barnegruppa Amigos frå Bøfjorden var ikkje heilt fulltalig denne dagen, men spreidde liv og glede med sine friske songar. På pannebanda deira les vi "Loved" – eit fint vitnemål om at vi er elskja av Gud.

Konfirmantar gjorde preiketeksten aktuell og tydeleg med lesing og enkel dramatisering. Den handla om "Den bortkomne (og heimattkomne!) sonen".

Kristian Bø og tvillingane Brynjar og Brage Bæverfjord vart døypte denne dagen. Og Sarah Snekvik Wilhelmsen, Una Langeland Gravvold



Sarah (4), Una (6) og Emilie (6) fekk bøker under gudstenesta.  
 Tekst/foto: Bernt Bø

og Emilie Brøske Rønning fekk flotte 4- og 6-årsbøker frå kyrkjelyden sin. Etterpå var det frukt og saft, kaffe og kaker til alle.

Amigos ("Venner") glede alle med songane sine. Fremst frå venstre Una, Sarah, Stine, Kristin, Leah, Brit og Sara. Bak står John, Martin og Isak. Musikalsk leiari er Bodil Kvam Aasbø.



## Mo kyrkje

Mo kyrkje har vore ein byggeplass i heile sommar. Vi vil takke alle dykk som har gravert og som har hatt ulempe med arbeidet i sommar. No er vi snart ferdige med bygginga om veret held seg skal alt vere ferdig i god tid før jul.

Mo-kyrkja har gått igjennom ei skikkeleg opprusting. Fundament under eine skipet er sett på plass att, taket er skifta ut/lagt om og det er laga eit heilt nytt tårn. Det gamle var for råte til å kunne settast opp at. Det havnar truleg på museum slik at alle kan sjå det. Sprinkleranlegget vert skifta ut til ein sikrare sort og i tillegg er kyrkja måla med oljemaling blanda på staden, vonleg held det seg no fint lenger enn forrige måling. Om nokon lurar på grunnen til at det vart blasst så fort, er den at ved fyste gangs måling med linoljemaling trekker treverket til seg olja frå målinga, og så får vi ei tørr overflate som inneheld kritt som er i målinga.

Heile arbeidet på Mo kjem på ca 2,5

mill. Dette er finansiert igjennom kommunal løyving, eit tilskott frå riksantikvaren til brannanlegget og gaver som privatpersoner har gjeve til kyrkja. I tillegg får kommunen rentekompensasjon frå staten til istandsettinga.

Med hilsen Ingeborg Nordlund  
 Kirkeverge i Rindal og Surnadal



## Arrangement

**Formiddagsmøte** på Kyrkjelydshuset i Surnadal 27. desember – søndag etter jul – kl 11.00. Kyrkjekaffe. Normisjon

**Julefest** på Surnadal sjukeheim 30. desember- sjette dag jul – kl 16.00. Normisjon i samarbeid med Diakonaten. Servering.

### Familiejuletreffest

Det har vorte tradisjon at søndagsskulane i Surnadal har julefest for familiane 2. juledag på Eidet bedehus. Det har vore fullt hus på desse festane, born og vaksne. Også i år blir det juletreffest kl.15.00 med fint barnevenleg program, julespel, song, gong kring juletreet, andakt og god mat. Alle er velkomne, spesielt barnefamiliar, men også eldre som ynskjer fellesskap om julebodskapen. Sjå bilete på forsida!

**LYSMESSE** i Ranese 2.søndag i advent Om kvelden kl.19.30. Konfirmantane i Øye og Ranese sokn deltek med tekstlesing, bønner og lystenning. Det blir song av Hans Olav Settem.

**LYSMESSE** i Mo torsdag 17.des. kl.19.30.

Konfirmantane i Mo sokn deltek tradisjonen tru med tekstlesing og lystenning. Songkoret Tormod deltek med vakre juletonar og Karen Oddny Gravvold syng religiøse folketonar.

**VISYNG JULA INN** i Ranese 3.søndag i advent.

Tradisjonen tru blir det og i år julekonsert om ettermiddagen 3.søndag i advent kl.16.00 med lokale kor og korps; Jubilate, Tordenskjold Songlag, Surnadal skolekorps og Hornmusikken med solistar. Karen Oddny Gravvold syng religiøse folketonar og vi får og høyre soloinnslag av Hans Olav Settem og Stein Bøge på trompet. Diakon Gry Netland Ebbesen held andakt og kyrkjelyden deltek med dei vakre julesalmane i allsongen.

## Soknepreststillinga i Surnadal

Sokneprest Trond Erik Hvam er sluttet som prest i Surnadal. - Vi er i ferd med å utlyse ny stilling som sokneprest, melder prost Gerd Anne Aarset.

# STANGVIK

Stangvik - Todalen - Åsskard



# RINDAL

Rindal sokn

Menighetskontoret 71 66 47 55  
 Telefaks 71 66 47 01  
 E-post kirkeverge:  
 ingeborg.nordlund  
 @rindal.kommune.no  
 Bildet: Rindal kirke

## Sangkveld

En novemberkveld var det ungdommens tur til å arrangere sangkveld på Rindal bedehus. Til tross for lignende arrangement to andre kvelder samme uke, fyltes bedehuset av sang- og musikkglade barn, unge, foreldre og andre voksne under ledelse av organist Endre Lorentzen og brødrene Lillegård denne kvelden.

Nærmere 60 struper deltok i allsangen med sanger fra *Den fyrste song til Tir n'a noir!* *Ole T.*



## Glimt fra Rindal barneforening

Barneforeninga i Rindal var i år 102 år, og er fortsatt i full gang. Vi møtes ca en gang i måneden og hører historier fra Bibelen, synger, spiser, har utlodning til NMS og leker. I høst har vi i tillegg til det vanlige programmet også prøvd oss på litt formingsaktiviteter.

Her ser dere bilder fra to kvelder da vi jobbet med historia om Marta og Maria, og historia om da Jesus kalte disiplene til menneskefiskere.

*Arnild F.Fagerholt*



Hovedaktørene var kanskje barnekoret Salt & Pepper - , eller var det Ungdomsbandet JR?



Klipping er artig!



En blid krabbe

## Den vesle glede. Konsert i Stangvik kyrkje

Munnspelvirtuos Ola Bræin, kantor Tor Strand (klaver og orgel) og Åsskard kyrkjekor under leiing av sin dirigent Bernt Bøe gav ein både vakker, allsidig og krevjande konsert i Stangvik kyrkje søndag 8. november. Ola Bræin og Tor Strand hadde ei avdeling med folketonar samla av Edvard Bræin, deretter klassisk musikk. Koret song både folketonar og klassisk kyrkjemusikk, forutan Fredssalme av Bernt Bøe. Tilslutt kjente folketonar frå Stangvik og Romsdal på munnspel og orgel.



Tor Strand og Ola Bræin. Tekst/foto: ERE

*"Vi er spente på korleis det vert når vinterstormane set inn," skriv Synnøve og Mange får Austrheim." Ope landskap – opne sinn" er Austrheim kommune sitt slagord. Les helsing frå Austrheim på s.5.*

Foto: S.Bjørndal.



# Nye sokneråd

Det er no vald 15 nye sokneråd i prostiet. Desse har konstituert seg, og Kyrkjebladet har teke ei rask rundspørjing til nokre av soknerådsleiarane som har svara på tre spørsmål:

1. Kva betyr kyrkja for deg?
2. Kva tenkjer du om soknerådets oppgåver?
3. Har du ei favorittsak eller eit tema som er spesielt viktig for deg?

**Jan Bergsvein Nielsen i Hov menighet** er ny og er glad det blir litt overlapping av andre som har vore lenger. Han svarar at han set pris på kyrkja som han har hatt naturleg tilknytning til frå han var gutunge gjennom skulegudstenester og konfirmasjon.

Oppgåvene til menighetsrådet er nedfelt i lovverket, og som ny krev det litt tid å setja seg inn i dette. Også det siste spørsmålet føler han det er for tidleg å svara på.

**Ildri Øyen i Todalen sokn** har vore med ein periode før, med to år som formann. Ho følte det så meningsfullt å vera med at ho stilte på nytt.

1. Som nabo med Hov kyrkje har kyrkja vore ein naturleg del av livet mitt frå eg var lita og eg jamt var med til gudsteneste. Det er noko eg ikkje kan vera forutan.
2. Soknerådet har store oppgåver, kanskje meir enn vi er klår over. Dei avgjer kva som skal skje i soknet gjennom kvart år. Her har vi konsentrert oss mest om det utvendige, på bekostning av det åndelege. Eg ynskjer at vi skal gjera noko med det, ut frå retningslinene for soknerådet. Det er mykje vi kan bestemma, ikkje berre kontoret på Skei og presten.
3. Eg ser det som viktig å følgja opp dåpsopplæringsprosjektet som er felles for Surnadal, Stangvik og Rindal. Vi må få dei små til å vera med i kyrkja, ikkje berre forlata dei ved dåpen. Elles ynskjer eg at vi kan leggja

til rette for det viktige kyrkjemusikalske arbeidet som organisten er opptatt med.

**Elsa Jensvold i Rindal menighet** har stor erfaring som formann i fleire periodar og tykkjer det er ein stor fordel at det er eitt menighetsråd for heile Rindal, der dei får retta fokus på det som er menighetsrådets oppgåve og Fellestrådet får ta seg av sitt.

1. Eg tenkjer på kyrkja som fellesskap for alle døypte der vi alle kjem likt inn i kyrkja.
2. Det er viktig at vi kan skapa eit miljø med små fellesskap gjennom samarbeid med organisasjonane om bibelgrupper, misjonsforeningar, søndagsskule etc, der alle kan trivast. Det er viktig å ha eit miljø for å leva ut trua.
3. Det viktigaste vi har å jobba med er dåpsopplæringa.

**Björg Otnes i Halså menighet** har ei ekstra utfordring som ny formann for Fellestrådet og felles sokneråd for Halså og Valsøyfjord. Ho vil gjerne venta med å svara på det siste spørsmålet til ho har sett seg meir inn i oppgåvene for menighetsrådet. Men svarar på dei første spørsmåla slik:

1. For meg betyr kyrkja noko som er veldig viktig i livet mitt når spesielle ting skjer, som t.d. dødsfall og dåp. Men elles er og kyrkja ein sokkel som er viktig for meg i tilveret mitt, ein arena som er grei å ha.
2. Eg er veldig fersk, og for meg er økonomien ei utfordring, eg treng hjelp av andre som kan meir enn meg, så vi kan sørgje for å få dei midla vi treng for å koma i balanse.

**Birgit Orset i Øre sokn** har vore formann i fem år og skal no ta på att to til.

1. Kyrkja betyr mykje for meg, eg vaks opp med å vera med i kyrkja og på møter på Toten og ser verdien av å ha ei kyrkje der ein føler seg heime, t.d. gjennom dåpsarbeidet som inkluderer



Foto: Jon Olav Ørsal

nye i forskjellige aldrar og korarbeid der Øre barnespel får med 30 born, og kor også foreldra blir engasjerte.

2. Eg ser stort på å få folk til å koma til kyrkja, kjenna at her kan vi koma. Det er i stor grad soknerådet som legg til rette for arrangement i kyrkja. Da er det og viktig at vi får høyra eit bodskap som er rett i forhold til Bibelen, at vi kan vera trygge på det.
3. Vi har lite mannskap i kyrkja, men no har vi fått ei lita delstilling til konfirmant-, barne- og ungdomsarbeid. Eg ser det som viktig å arbeida for å finna råd til fleire stillingar for å hjelpa prest og medarbeidarar.

**Egil Sandvik i Tingvoll sokn** er ny som leiar, men føler det godt at nestleiar har vore med før. Han er kyrkjegjengar og er med i kyrkjekoret.

1. Kyrkja betyr mykje for meg, det er min andre biologiske heim og min åndelege heim. Eg vaks opp med kyrkja, og i ungdomstida gjekk barnetrua over til å bli vaksentru. Det fine med kyrkja er at det er høgt under taket og låg terskel, slik at du er like verdifull om du går ofte eller sjeldan. Og ein kjenner seg igjen, det er ikkje så store forandringar, ein kjenner salmane og liturgien.
2. Trusopplæringa er eit viktig

soknerådsarbeid, for no er den ute frå skulen og kyrkja har ansvaret.

3. For meg er kyrkjesongen viktig. Eg vil framheva kor mykje fint vi har lært av den personen vi har på orgelkrakken. Han er ein kapasitet. Han har lært oss at kyrkjemusikk er meir enn berre Bach, men også folkemusikk, og han har tatt inn mange nye instrument og utvarar. Kyrkjesongen er viktig i menighetsarbeidet, for ordet i songen ber lenger.

## Kyrkjeblad for Indre Nordmøre

Utgjevar:  
SOKNERÅDA PÅ  
INDRE NORDMØRE

REDAKTØR:

Einy Randal Elgsæther  
6645 Todalen  
☎ 71 66 02 81

E-post: einyre@gmail.com

REDAKSJONSSEKRETÆR:

Ole Trygve Foseide  
☎ 976 82 829

E-post: kyrkjeblad@gmail.com

BLADPENGAR:

Frivillig kontingent  
Kyrkjeblad for Indre Nordmøre  
Kontor Service A/S  
Postboks 72  
6630 Tingvoll  
Bankgironr.: 4050 40 46232

SATS/REPRO/EKSP:

Vullum Design as  
☎ 71 66 50 80  
E-post: post@vullumdesign.no  
6657 Rindal

TRYKK:  
Wennbergs Trykkeri AS  
☎ 72 88 98 00  
7075 Tiller

## Julebønn

Lovet være du, Gud, skjult i ditt evige lys, fordi du lot deg se i barnet i Betlehem!  
Nå skinner ditt lys i mørket, nå ser vi din herlighet på jorden, og vi må undre oss og takka deg. La ditt ord og ditt sinn bli i oss, så vi fylles av din fred og lovsynger din frelse, din Sønn Jesus Kristus, fra evighet til evighet.

(Holger Lissner, dansk prest og forfatter)